



Toppar lista: Knut Prestnes og Elin Legland

Som venta vart Knut Prestnes frå Sunde og Elin Legland frå Uskedalen nominert på topp for Senterpartiet under nominasjonsmøtet heime hos Legland i kveld. Begge fekk også røystetillegg som dei einaste på ei liste som dei 10 frammøtte var svært fornøgde med både geografisk og med omsyn til kjønnsfordeling. Møtet gjekk svært smertefritt og var unnagjort på tre kvarter.

Leiar i nominasjonskomiteen Hans Berge frå Ølve hadde plassert seg sjølv på sisteplass med ein begrunnelse som han sjølv kalla taktisk. Det var for å markera at dei som har vore innom Uavhengig Sentrum no bør samla seg om Senterpartiet som det mest naturlege. Berge meinte elles at Senterpartiet si liste er den med best geografisk fordeling.

Det hadde ikkje vore berre lett å få med kvinner på lista, men komiteen hadde i alle fall klart å få kvinneandelen over kravet på 40 prosent med 14 av 34.

Forslaget til liste frå nominasjonskomiteen vart gjenstand for berre nokre mindre endringar. Are Traavik frå Ølve vart rykka nokre plassar nedover då han ikkje ynskte å ha fjerdeplassen. Alexander Løyning frå Herøysund vart rykka opp frå plass 17 til 9.

Kanskje vart det skreve Noregshistorie då Prestnes-familien fekk 3 på lista: Knut, Anna og Steinar.

Det einaste møtet ikkje var samde om var bruken av røystetillegg, som vart vedteke med 8 mot 2 røyster. Are Traavik gjekk imot og grunnga det med at røystetillegg ville gje sterke føringar. Traavik meinte at ein måtta ha tillit til veljarane og respekt for at ei røyst er ei røyst.

Knut Prestnes takka for tilliten og heldt fram at det var ei god liste. Han trudde det vil bli eit spennande men godt val med 6 eller 7 representantar som resultat. No har partiet 4 i komunestyret. Frå Uskedalen er det berre 2 på lista - Elin Legland og Hans Petter Llange

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen